



# DEN NORSKE KIRKE

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100  
Kyrkjekontoret 20.01.20.

### Møtebok Kyrkjebø Sokneråd

Møtedato: 16.01.20.  
Møtetid: kl. 19.00.  
Møtested: Kyrkjelydshuset

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Kari Henny Dale, Aud Kjersti Haugen, Ellinor Henjesand Austreim, Andreas Ester. Anna Sofia Høvik hadde meldt fråver.

#### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Toril Lange, Gerda Otterstein, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste

##### Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.

Det kom merknader i høve innkallinga om at det kom ein del sakspapir i fleire omgangar og e-postar i etterkant av innkallinga, og at dette framstod som litt uoversikteleg. Det vart påpeika i soknerådet at slik måtte det av og til verte sidan alle saksførebuingar ikkje alltid var ferdig til tidspunkt for utsending av innkalling.

##### Sidan sist.

Kari Henny hadde si første oppgave som kyrkjevert søndag 05.01.20. Ho var overraska over at det kom så mykje menneske i gudstenesta. Det var barnedåp denne søndagen, og det er ei naturleg forklaring til at talet kyrkjebesøkande denne søndagen auka.

Kari Henny hadde også ein kommentar til at juletreet i kyrkja burde settast på fot av dei som frakta det til kyrkja/ eventuell vaktmeister. Dette ville føre til meirkostnader og var difor ikkje aktuelt.

Aud Kjersti stilte spørsmål om det var i føremiddags- eller ettermiddagsgudstenester det kom mest besøkande. Tal besøkande kunne variere og hadde ikkje noko fast mønster.

##### Postliste.

Sturla vil sjå gjennom posten og ta med postliste til soknerådsmøta. Soknerådsmedlemmene ytrar ynskje til Sturla om kva post dei eventuelt ynskjer å sjå meir på.

##### Soknepresten har ordet.

Soknepresten sa at det ikkje alltid trong å vere han som sa nokre gode ord. Det kunne også vere andre medlemmer i soknerådet som gjorde. Soknepresten snakka om at vi no hadde starta på eit nytt år – med nye moglegheiter. Han snakka vidare om dåp og arven etter dåpen – og at vi stadig vekk kan verte nye menneske. Han las vidare frå tekst i Efeserbrevet.

#### Meldingssaker

##### 000001 Biskopen sine utfordringar til sokneråda

Det var diskusjon og refleksjon kring offer og gjevarteneste, misjon og misjonsprosjekt og nære eller fjerne prosjekt. Kyrkjebesøkande gjev generelt lite i offer, og det var tankar kring om dei ville støtte med større summar dersom formålet var nært og kjend, t.d. Alvera Misjonscenter.

**000002 Gjennomgang av Årshjul 2020**

Soknerådet gikk gjennom oppdateringar av årshjulet. Planlagt salmekveld vart sett på vent, medan Tårnagenthelg (07.03. - 08.03) vart plassert i årshjulet med medlemmer frå soknerådet som medhjelparar. Sjå oppdatert Årshjul. Årshjulet vert oppdatert kontinuerleg, og alle soknerådsmedlemmer må til ei kvar tid passe på at dei har den nyaste utgåva av årshjulet. Ein melder inn oppdateringar i årshjulet til Bjørnar som vidareformidlar desse pr. e-post.

**000003 Kyrkjeleg Årsstatistikk 2019**

Det skal fyllast ut ein rapport om all kyrkjeleg verksemd for året 2019. Denne vart ikkje ferdig til soknerådsmøtet i dag, men skal vere ferdig til måndag 20.01.19.

**000004 Årsmelding Kyrkjebø sokneråd 2019**

Kyrkjeverje meiner det er tidlegare soknerådsleiar Audun Digranes som er ansvarleg for å skrive årsmeldinga. Kyrkjeverje tek kontakt med Digranes. Meldinga skal opp i soknerådet til godkjenning før framlegging for kyrkjelyden sitt årsmøte.

**000005 Ledig stilling som sokneprest i Høyanger og Kyrkjebø**

Det var ingen søknader til stillinga. Frist var 15.01.20. Stillinga er lyst ut på nytt.

**000006 Ledig stilling som prost i Sunnfjord prosti**

Prost Reidar skal gå av med pensjon i år, og stillinga som prost i Sunnfjord er no lyst ut.

**000007 Høyanger bedehus**

Kyrkjeverja har vore ansvarleg for å lage skriftleg orientering om denne saka og om kor langt den er komme. Denne orienteringa inneheldt punktvis moment som framstod som argument for og i mot ei eventuell overtaking av Høyanger bedehus. Denne saka vart drøfta, men skal arbeidast vidare med og seinare opp i møte 20.02.20. saman med Høyanger sokneråd.

**Vedtakssaker**

**Sak 001/20 DATO FOR ÅRSMØTE 2020 (Dok: 02/00002-019)**

*Vedtak:*

Årsmøtet for Kyrkjebø sokn i 2020 vert å halde etter gudstenesta på Kyrkjebø 08.03.  
Sakliste: Årsmelding og reknskap for 2019. Orientering om årshjulet/planane for 2020.

**Sak 002/20 SALMEKVELDAR I KYRKJEBØ 2020 (Dok: 04/00011-012)**

*Vedtak:*

Fastsetting av dato for neste salmekveld vert utsett til seinare.

**Sak 003/20 FELLES SOKNERÅDSMØTE OM BISKOPEN SINE UTFORDRINGAR  
(Dok: 20/00001-001)**

*Vedtak:*

Kyrkjebø sokneråd inviterer Høyanger sokneråd til felles møte på Kyrkjebø kyrkjelydshus den 20.02.20. kl. 19.00.  
Saker til drøfting: Offer og misjon. Høyanger bedehus. Biskopen sine utfordringar.

For Kyrkjebø sokneråd

Ellinor Henjesand Austreim  
Sekretær